

## ROS-analyse (risikovurdering)

Ein sentral del av internkontrollen er å utføre risikovurderingar. Risiko er eit uttrykk for eit potensielt eller ei mulig uønska hending. Ein definerar områder kor det kan oppstå uønska hendingar og deretter vurderar ein sannsynligheten for at hendinga oppstår og kva konsekvensar hendinga kan få for dokumentasjonsforvaltninga sitt mål, dersom den oppstår.

Type risikoområder:

- Innføring av nye system og metodar som får konsekvensar for dokumentbehandling (for eksempel fagsystem, overføring til depot, integrasjonar etc)
- Konfidensialitets- og integritetssikring
- Omorganisering i verksemda
- Dokumentfangst
- Publisering på nett
- Bevaring og kassasjon

Status arkiv Herøy kommune:

Herøy kommune er med i samarbeidsgruppe om arkiv og systemansvarlig for Acos i lag med 6 nabokommunar. Gruppa møtast fleire gongar i året og ved behov. Der blir det tatt opp arkiv – og systemfaglege spørsmål. Det er også oppretta en chat i Teams der vi diskuterar saker kring arkiv og system.

Ved overgang til Acos Websak i 2019 blei det gjort eit skarpt skilje. Ny arkivperiode og oppstart av ny Arkivplan som skulle heite Dokumentasjonsstrategi.

ROS-analyse Acos Websak:

Ved innføring av nytt sakssystem i 2019, vart det gjennomført ROS-analyse. Den ligg arkivert i Acos Websak i sak 22/2812.

ROS-analyse av arkivstatus vil bli gjennomført ved kvart årsskifte.

Dato	13.08.24
Versjon	01/24
Dokumentansvarlig	HILSKI